

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Bålbrenning viise gagar i åre Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynslé. AV eigen røynslé.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Bjerken i Grong. Kårmann født 21.mai 1869.

SVAR

Når det gjeld brenning av kvist og annet rask heiter det her i bygda å "Eil", og det kan også heite å brein. Er det rydning av eng ved å breinna kvist og rask heiter det å "eil valhauga" med kjukk l. Nokko anna nemning har me i grunnen ikkje, då bygdespråket her er mindre utbygd med namn enn i andre bygdelag i vort land. Merknader om dette har eg vist gjort i tidlegare svarliste på dei ymse emner, det har vore kravd svar på.

Av symbolske brenningar har me ikkje stort anna enn til Jensok og tidlegare var det brenning til sekok og summe stader til pinse.

Jensokeil har me hatt frå gamal tid. Det gjekk for seg på den måten, at nokre i kvar grenn samla seg på ein haug og brente det ein lettast hadde for handa. Når det skulde vera gjævt, kunde det vera ei tom kjæretynna eller ein gamal utskifta båt, som var heilt utsliten men slike ting hadde ein ikkje kvart år, og så breinte ein grånbar som var heinta heim frå skogen. Baret var dugande matriale til slik elding, då det hadde let for å brenna og so byrja det med slik ein røyk, som gjekk yver til ein kraftig låga, når barnålane var brent opp. Det å brenna på Jensokkvellen var sovidt ein mins so inngrodd i den eldre tid, at matriale frå skogen var det ein plikt å skaffa og so mykkje meir fordi, at det kosta ingen ting, og skogeigaren hadde ingen skade om slikt avfall vart teke ut av skogen og brent.

Ein minns at det vart elda Jensokkvellen og ei veka seinare vart det elda Seksokkvellen, men då var det ikkje so om å gjera, at elden var so stor. Ein trur heller ikkje, at alle elda Seksokkvellen heller. Nokko bålbrekking til jul eller påske var det aldri det ein kan minnst. Og nokko pintsebrekking kan ein ikkje minnst at det var her i Grong. Men i nabobygda Overhalla, har dei vist haft brekking pintsekvellen frå før og heilt til den seinare tid. Deira brekkingsplass er Ryggahøgda ein høgås, som ligg slik til, at ein kan sjå elden mest frå heile bygda. Her i Grong veit ein om to stader for Jensokbrekking. Den eine var „Storhaugen“ på Øyheim. Han er ein ovstor gravhaug som ein sjer frå heile nedre del av bygda, og so var det „Husåsen“ lenger opp i bygda som ligg so høgt, at bålet herfrå kunde ein sjå heilt opp i øvre del av bygda. At det var nokkon regel for korleids ein Jensokeld skulde vera skapa, har ein ikkje høyrd at det var. Kva fyremålet med brekking av Jensokbålet hadde var det knapt alle som viste. Dei var med på ^{DET} _A då det var fest, og der det vanka sjenk. Det var sikkert alkohol som mest var sjenken, ved slike høve i den eldre tid, men seinare var det eggedosis at dei som satt rundt Jensokelden, og so var det ein låvedans dei gongane at det skulde vera ei tilstelling, når det var Jensok. Og i den seinare tid har det vore rymgraut på gardane at heile huslyden Jensokkvelden. Når det var ei tilstelling rundt Jensokbålet var det alle i grenna, som kunde ha høve til det som var med på det. Det kunde bli til at ungdommen hadde leik av ein eller annan slag rundt Jensokbålet der det var høve til det, men det var vel dansen som var sjølve leiken. Nokko spesielle skikkar ilag med Jensokfeiringa var det ikkje i den tida ein mins, men korleids det kunde vera i den katolske tid er ikkje kjendt. Feiringa av Jensok er vist nokko som heng igjen frå den katolske tid.

Brenning av Jensokeld har mindre intresse no enn fyrr. Men ein sjer røyk og eld Jensokkvellen ogso no. Men det er mest ungdommen som samlast og lagar eld på samma staden, der det frå gamal tid har vore samling i større format for å feira mitdsommarfesten. At det har nokko med det religiøse å gjera, er det vist få som er merksam på. Men det å feira midtsommaren er ei vakker skikk og kjem ein til Sverige, er Jensokdagen fridag. Grunnen til at dagen meir og meir er gått i gløymeboka er vist ikkje heilt rett. Men når folket i bygderna minkar meir og meir, so fær dei som er igjen so mykkje å gjera, at strevet for å berga seg går fyrre alt anna. Kunde det gode av det gamle leggst ilag med det gode av det nye, vilde vist dette vera det beste av alt. Dit må ein ein-gong komma.